

SKULEBASERT PRAKSISPLAN



VELKOMMEN TIL BRYNE SKULE

«Ja, her på Bryne skule, her liga me oss godt.

Her trives me, her æ de godt å væra.

Hær sga me synga, lesa, dansa og teikna møyje flott.

Hær ska me leva, ska me veksa og læra.»

(Utdrag frå Bryne skule songen)

Rektor si helsing

På Bryne skule er me glade for å kunna vera praksisskule for komande lærarar. Det å vera praksisskule, gjer at me må vera i stadig utvikling, me må bruka forskning og eigen erfaringsbasert kunnskap aktivt i vårt arbeid med å gjera skulen endå betre både når det gjeld faglege og sosiale læringsmål.

I løpet av praksistida hos oss, vil me vektleggja at du som student får erfara og reflektera over samanhengen mellom teori og praksis. Me vil vektleggja at du skal få ein variert, veileda og vurdert praksis.

Du skal «læra å bli lærar», og me ser fram til å bidra positivt på den vegen.

Elisabeth Aksnes, rektor

Litt om Bryne skule:

Bryne skule ligg i Bryne sentrum. Det er ein 1-7 skule med om lag 470 elevar.

Det er eit fargerikt fellesskap på skulen vår. Om lag 20% av elevane har annan bakgrunn og anna morsmål enn norsk. Det er om lag 40 pedagogar på skulen. Til saman er det om lag 65 personar som har arbeidsplassen sin på Bryne skule.

Skulen er opprinneleg frå 1922, men har blitt rehabilitert og bygd ut. Skulen slik den ser ut dag, vart tatt i bruk hausten 2006.

Skulen si leiing består av rektor, assisterande rektor og to undervisningsinspektørar. I tillegg har skulen ei stor SFO avdeling som held til i Midtbygget. Denne er leia av dagleg leiar i SFO. Det blir eit rektorskifte på skulen. Heidi Barvik startar som rektor ein gong i løpet av hausten 2018.

Skulen er organisert i ulike team. Pedagogane på 1. og 2. trinn utgjer team 1, pedagogane på 3. og 4. trinn utgjer team 2 medan pedagogane på 5., 6. og 7. trinn utgjer team 3.

Assisterande rektor har saman med inspektørane ansvar for kvart sitt team.

Studentane vil vera del av teamet der praksislæraren høyrer til.

Utviklingsområda blir evaluert etter oppsett plan og eventuelt revidert. Utviklingsplanen er styrande for korleis vi skal ha det på skulen vår. I den planen kan du lesa om satsingsområde, elevsyn og læringssyn. Du skal få utviklingsplanen når dei kjem til skulen vår.

Skulen sin visjon:

”Me vil gje elevane lyst på livet og evne til å meistra det.



Medan du er på Bryne skule vil me at denne visjonen skal gjelda for deg:

«Me vil gje deg lyst på læraryrket og evne til å meistra det»

Verdigrunnlaget vårt er:

Respekt, omsorg, likeverd og skaparevne.

Partnerskapsavtale:

Bryne skule inngjekk ein ny fireårig partnerskapsavtale med UiS som gjeld for 2018 – 2022. Me har våre praksisskule sidan hausten 2010. Dette samarbeidet skal sikra at du får eit læringsutbytte i praksis som er i tråd med nasjonale retningslinjer for grunnskulelærerutdanninga. Med bakgrunn i nasjonale retningslinjer for grunnskulelærerutdanninga, har Bryne skule utarbeidd sin praksisplan. Denne praksisplanen skal sikra at du får ein variert, vurdert og veileda praksis.

Praksis skuleåret 2018/2019:

Skuleåret 2018/2019 skal vi ta imot fire grupper av studentar.

Anne Elin Lunåsmo, kontaktlærer 2. trinn, skal ta i mot 3. årsstudentar på GLU 1 – 7.

Andreas Vollsund, kontaktlærer på 4. trinn, skal ta imot 2. årsstudentar på GLU 1-7.

Milrid Levang Sævland, kontaktlærer på 6. trinn, skal ta imot 2. års studentar på GLU 5-10..

Beate Gausland, kontaktlærer på 7. trinn, skal ta imot 1 årsstudentar på GLU 5-10. Beate

Gausland er praksiskoordinator på skulen saman med skuleleinga.

Åshild Grødem skal leggja til rette for spespedstudentar som skal ha ei veke feltarbeid.

Praksisperiodar skuleåret 2018/2019:

Dato	Kven	Kommentarar
24. september – 5. oktober 25. mars – 12. april	GLU 5-10, 1. års studentar	Blir vektlagt matematikk (Beate)
2. – 15. november	GLU 1-7, 2. år	Norsk og matematikk skal vektleggjast (Andreas)
4. – 22. mars	GLU, 5-10, 2. år	Engelsk skal vektleggjast (Milrid)
15. – 26. oktober og 25. mars – 5. april	GLU 1-7, 3. år	Norsk skal vektleggjast



Kontaktinformasjon til praksislærarane:

Namn	Telefonnummer	E-post
Anne Elin Lunåsno	902 84 459	Anne.Elin.lunasco@time.kommune.no
Andreas Vollsund	926 99 718	Andreas.Vollsund@time.kommune.no
Milrid Levang Sævlund	481 02 446	Milrid.Levang.Saevlund@time.kommune.no
Beate Gausland	976 04 201	Beate.gausland@time.kommune.no
Åshild Grødem	928 19 663	Ashild.jakobsen.grodem@time.kommune.no

Om å vera student på skulen vår:

Når du er student hos oss, representerer du skulen overfor elevane og deira føresette. Du vert som student ein del av kollegiet på skulen. På Bryne skule er det praksislærarane som saman med rektor/ass. rektor har hovudansvar for studentane. Alle praksisskulelærarane har likevel eit ansvar for at du som student skal læra praksisfeltet å kjenna.

Her på skulen vektlegg me:

Veiledning: Det er viktig for oss at du får ei god oppleving av læraryrket. Me vil gje deg god veiledning både før, under og etter undervisninga og anna lærararbeid. Planlegginga skal skal skje saman med medstudentane, praksislærarane og praksisskulelærarane. Dette for å gje deg støtte til læring og sikra deg ei god lærarutvikling.

Vurdering: Du vil motta ei skriftleg midtvegs- og sluttvurdering. Denne skal visa kva du meistrar og råd for ditt vidare arbeid som lærar. I tillegg vil du kontinuerleg bli del av ei dialogisk vurdering som vil vera naturleg integrert i samarbeidet om å læra deg å bli lærar. Denne vurderinga vil du få jamnleg hovudsakleg av praksislærar og medstudentar. Vurderinga er del av gruppesamtalane du vil ha med dei andre studentane under veiledning av praksislærar.

Variert praksis: Hos oss skal du få læra mest mogleg om å vera lærar. Lærarkvardagen består av mange arbeidsoppgåver i tillegg til det å undervisa. Du vil i tillegg få reflektera rundt/erfara m.a. kontakt med føresette, samarbeid med andre vaksne, samtalar med elevar, løysing av konflikter, deltaking i skuleutvikling.

Viktige omgrep i lærarkvardagen:

- Planlegging ved hjelp av *Den didaktiske relasjonsmodellen*.
- Lesing i alle fag (SOL – systematisk observasjon av elevar).
- VFL – Vurdering for læring



Praksisplan:

Planen me har laga, er forankra i nasjonale og lokale dokument. De vil finna læringsutbytteformuleringar fordelt på 1., 2., 3. og 4. studieår.

Dei seks tverrgående perspektiva:

- Danning
- Det fleirkulturelle perspektivet
- Samiske forhold og samiske elever sine rettar
- Tilpassa opplæring
- Vurdering
- Grunnleggjande ferdigheitar

Desse perspektiva gjennomsyrrer mykje av det som skjer på Bryne skule. De vil i alle praksisperiodane få erfare desse gjennom eiga undervisning. De vil få delta i diskusjonar og refleksjonar der dette er tema både med praksislærar, praksisskulelærarar, på trinn og i ulike møte.



Første studieår med hovudtema: lærarrolla, lærararbeidet og det didaktiske møtet mellom elev, lærar og lærestoff.

Mål	Læringsutbytte	Bryne skule	Ansvar
Utvikling av eigen læraridentitet	<p>Studentane skal få kunnskap om læraren si rolle.</p> <p>Studentane skal få kompetanse som gjer at dei kan vurdere eigen og andre sin praksis med referanse til teori og forskning.</p> <p>Studentane skal få kompetanse som gjer at dei kan handtere ulike typar tilbakemeldingar frå veileidar.</p>	<p>Aktiv observasjon og veiledning.</p> <p>Delta i ulike grupper og med ulike lærarar.</p> <p>På mellomtrinnet er lærarane faglærarar og underviser kvar sine fag. I tillegg har trinna eigne spespedlærarar. Det blir undervist i ulike grupper på trinnet, men og på tvers av trinna. Du skal få delta i undervisninga til ulike lærarar samt i ulike grupperingar. I etterkant ska du få reflektera det du har observert.</p> <p>Praksislærar skal hjelpe deg til å få kompetanse som gjer deg i stand til å vurdere kva slags undervisning/grupper som gjer best mogleg læringsutbytte for den enkelte eleven.</p> <p>Du vil gjennom veiledning bli rettleia i korleis du best kan handtere ulike typar tilbakemelding. Ein tenker seg å bruka student-studentvurdering, vurdering frå praksislærar, vurdering frå elevar. Denne vurderinga kan forgå ein til ein eller i grupper.</p> <p>Målet med dette er at tilbakemeldingane du får, skal gjera deg til ein best mogleg lærar.</p>	Praksislærar Praksisskulelærar

Lærararbeid i møte med elevar på 1. – 7. trinn, elevgrupper og klassar	Studentane skal få kunnskap om læring og læreprosessar. Studentane skal få ferdigheitar som gjer at dei kan bruka ulike arbeidsmåtar og læremidlar som er tilpassa undervisninga på 1. – 7. trinn.	Aktiv observasjon og veiledning. Delta i ulike grupper og med ulike lærarar. Du skal m.a. få erfaring med VFL, ulike undervisningsmetodar, undervisning i ulike arenaer, få erfaring med «kurs for elevar», få delta i planlegging av undervisning med tanke på TPO	Praksislærer Praksisskulelærer
Læringsleiing i møte med elevar, leiing av læringsarbeidet, reglar og rutinar	Studentane skal få ferdigheitar som gjer at dei kan observera og leia elevar sitt læringsarbeid. Studentane skal få kompetanse som gjer at dei kan diskutera undervisning og læring, fag og elevar i lys av profesjonelle og yrkesetiske perspektiv.	Du skal få leia ulike elevgrupper med ulike grad av variasjon med tanke på m.a. nivå, gruppestorleik, språklege føresetnadar. Du skal få erfaring i forhold til dei kritiske overgangssituasjonane som skjer i løpet av ein time, samt rettleiing i forhold til desse (oppstart av timen, skifte av aktivitet, avslutning...)	Praksislærer Rektor
Læringsretta vurdering	Studentane skal få ferdigheitar som gjer at dei kan bruka vurdering som del av læringsarbeidet, samt ferdigheitar som gjer at dei kan leggja til rette for elevane si eigenvurdering. Dei skal og få kunnskap om ulike vurderingsformer.	Veiledning med fokus på læringsutbytte for elevar og studentar. Fokus på vurdering for læring – ulike vurderingsmetodar. Bli kjent med og få prøve ut vurderingsverktøyet ein bruker på Bryne skule . (Kriteriearbeid, tommelvurdering, blinken og andre verktøy ein bruker). Studentane skal bli kjent med dei 4 prinsippa for undervegsvurdering.	Praksislærer

Kartleggingsverktøy	Studentane skal få ferdigheit som gjer at dei kan bruka aktuelle kartleggingsverktøy samt kunnskap om ulike kartleggingsverktøy.	Du skal bli kjent med og få prøvd nokre aktuelle kartleggingsverktøy (for eksempel SOL, LOGOS, Alle teller, Carlsten), vera med på å, analysere og vurdere vidare oppfølging av resultatet.	Praksislærer Rektor
Grunnleggjande ferdigheit som grunnlag for læring	Studentane skal få ferdigheit som gjer at dei kan leggja til rette for utvikling av elevane sine grunnleggjande ferdigheit. Dei skal òg få kunnskap om grunnleggjande ferdigheit som grunnlag for læring.	Du skal få veiledning med fokus på ei undervisning som vektlegg å kunna uttrykka seg skriftleg, å kunna uttrykka seg munnleg, å kunna lesa, å kunna rekna og å kunna bruka digitale ferdigheit. Du skal i praksisperioden arbeida med å la desse perspektiva bli ein naturleg del av di undervisning. Det er desse ferdigheitane du skal ha i ryggmargen når du planlegg undervisning. I etterkant av undervisningssituasjonen, skal du saman med praksislærer og dei andre studentane reflektera over undervisninga i lys av desse ferdigheitane.	Praksislærer Praksisskulelærer



Andre studieår med hovudtema eleven og elevmangfoldet			
Mål	Læringsutbytte	Bryne skule	Ansvar
Elevane si faglege, sosiale, kulturelle og personlege læring og utvikling på 1. – 7. trinn	Studentane skal få kunnskap om elevvariasjonar og tilpassa læringsfellesskap.	Veiledning med fokus på variasjon i elevane sin faglege, kulturelle og sosiale bakgrunn. Veiledning med fokus på ulik bruk av elevsamtalen (både formelle og uformelle samtalar). Få delta i elevsamtalen. Få erfare spesialpedagogisk arbeid.	Praksislærer Praksisskulelærer Spesialpedagogar
Inkluderande læringsfellesskap	Studentane skal få kunnskap om elevane si utvikling og bakgrunn som utgangspunkt for læring. Studentane skal få kunnskap om kulturelt mangfald og fleirspråklegheit. Dei skal få ferdigheitar som gjer at dei kan gjennomføra og vurdera undervisning i eit fleirkulturelt læringsfellesskap.	Du vil få veiledning med fokus på inkludering. Du skal få veiledning og moglegheit for å delta i korleis ein bruker elevar sine IOP-ar for å tilretteleggja undervisninga. Du vil få erfare ulike organiseringsmåtar på ulike læringsarenaer. Du vil få erfare undervisning i det fleirkulturelle klasserommet samt få veiledning ut frå desse erfaringane.	Praksislærer Praksisskulelærer Spes.ped koordinator
Variert og tilpassa opplæring, ulike arbeidsmåtar	Studentane skal få ferdigheitar som gjer at dei kan møte mangfald og elevvariasjon gjennom differensiert opplæring.	Du vil få veiledning med fokus på varierte grupperingar på trinna og på tvers av trinna. Du vil få erfare og få veiledning i forhold til TPO og samarbeid med andre yrkesgrupper enn pedagogar. På Bryne skule har me vernepleiarar, barnevernspedagogar og miljøarbeidarar.	Praksislærer Praksisskulelærer Rektor Spespedkoordinator
Lærararbeid og læringsleiing i det fleirkulturelle klasserommet, samt i møte med elevar med spesielle behov			

Fokus på mål for undervisninga	Studentane skal få ferdigheit ar som gjer at dei kan utvikla mål for opplæringa. Dei skal få ferdigheit ar som gjer at dei kan vurdere måloppnåinga til elevane.	Du vil få veiledning i forhold til ei målfokusert undervisning. Du vil få veiledning i forhold til å finna bevis på læring og måloppnåing. Du vil få veiledning i forhold til korleis ein kan konkretisera kompetansemåla i Kunnskapsløftet	Praksislærer Praksisskulelærer
Klasseromskunnskap/ kunnskap om ulike læringsarenaer	Studentane skal få ferdigheit ar som gjer at dei kan leia læringsarbeid ved å variera og differensiera arbeidsmåtene etter gruppestorleik og målet med undervisninga.	Du skal få veiledning med fokus på læring i klasserommet samt eventuelle andre arenaer enn i klasserommet.	Praksislærer Praksisskulelærer
Klasseleiing	Studentane skal få ferdigheit ar som gjer at dei kan vera tydelege klasse- og gruppeleiarar. Dei skal få kompetanse som gjer at dei blir bevisste eigen kommunikasjons- og relasjonskompetanse.	I denne veiledninga skal vi ha fokus på starten av timen, overgangssituasjonar og avslutninga av timen.	Praksislærer Praksisskulelærer
Studentane si eiga utvikling	Studentane skal få kompetanse som gjer at dei får innsikt i si eiga utvikling som lærar og at dei kan vurdere eigen lærarkompetanse og eige læringsbehov.	Du vil få reflektera over kva ein har styrka gjennom praksis og kva du bør arbeida meir med i vidare utdanningsløp.	Praksislærer
Grunnleggjande ferdigheit	Studentane skal få kompetanse som gjer at dei har innsikt i læring av grunnleggjande ferdigheit og forståing av fagkunnskap.	Du vil gjennom praksis og veiledning få ha fokus på læring av grunnleggjande ferdigheit. Du vil bli kjent med bruk av lærarrettleiingar og andre hjelpemiddel der dette blir vektlagt. Du vil få bli kjent med nasjonale veiledningar til dei ulike faga. www.skolenettet.no	Praksislærer

3. og 4. studieår med hovudtema skulen som organisasjon, det profesjonelle fellesskapet, samarbeid med føresette og andre sentrale instansar utanfor skulen. I tillegg skal ein arbeide vidare med hovudtema frå første og andre studieår.			
Mål	Læringsutbytte	Bryne skule	Ansvar
Læraren sine rettar og plikter, lærararbeid på organisasjonsnivå og i profesjonelle fellesskap	Studentane skal få kunnskap om læraren sine rettar og plikter og om lærararbeid på organisasjonsnivå. Studentane skal få kompetanse som gjer at dei kan vidareutvikla seg gjennom kollegialt samarbeid.	Du vil få informasjon om og deltaking i klubbarbeid, teamarbeid, trinnarbeid, samarbeid med skulen si leiing, deltaking på ulike møte, delta i faggrupper, delta i fellestid, informasjon om arbeidstidsavtalar. Du vil få informasjon om reglar og rutinar for arbeidstakarane.	Praksislærer Rektor/ass rektor
Skule- og elevdemokrati, føresette og elevar sine rettar	Studentane skal få kunnskap om skulen som organisasjon.	Du skal få informasjon om elevråd, moglegheit til å delta på elevrådsmøte, leia klasse møte, samt veiledning i forhold til dette. Du skal få informasjon om FAU-møte samt andre formelle møte og utval, og event. moglegheit til å delta i desse	Praksislærer Elevrådslærer Rektor/inspektør
Samarbeid med føresette, PPT og andre aktørar	Studentane skal få ferdigheit som gjer at dei kan planlegga og vurdera foreldremøte og utviklingssamtalar. Studentane skal få kompetanse som gjer at dei kan samhandla med eksterne aktørar.	Du skal få delta på utviklingssamtalar, vera med på å planlegga utviklingssamtalar, samt få veiledning i forhold til dette. Dei skal få informasjon om samt moglegheit til å delta på foreldremøte, samt møte med PPT og eventuelt andre aktørar.	Praksislærer Sosiallærer Spesialpedagogar
Kvalitetssystem som verktøy for læring og skuleutvikling	Studentane skal få kunnskap om skulen som samfunnsinstitusjon.	Du skal få kjennskap til kommunal styring av skulen gjennom m.a. planar, pålegg, utviklingssamtalar	Rektor

Overgangar mellom trinna	Studentane skal få ferdigheitar som gjer at dei kan planlegga undervisning tilpassa ulike trinn.	Du skal få veiledning i forhold til korleis vi som skule kan sørge for gode overgangar mellom trinna samt barnehage-skule, barneskule-ungdomsskule. Du skal få kjennskap til skulen sin overgangsplan.	Praksislærer Rektor/ass rektor
Forskningsbasert kunnskap om endring og utvikling i skulen	Studentane skal få kunnskap om skulen som samfunnsinstitusjon. Studentane skal få kompetanse som gjer at dei kan vurdere skulen i forhold til samfunnsmandatet.	Du skal få kunnskap om ulike former for endring som skjer i skulen og korleis det fører til endringar i skulekvardagen: Top – down eller bottom- up. (Bl. a. innføring av leksehjelp, fysisk aktivitet). Du skal få kunnskap om leiarvandring samt moglegheit til å reflektera over dette leiingsverktøyet skulen bruker.	Rektor
Lokalt læreplanarbeid og utviklingsarbeid	Studentane skal få kunnskap om skulen som organisasjon samt om utviklingsarbeid i skulen.	Du skal få kunnskap om korleis samarbeidet mellom kommuneleieing, administrasjon, plangruppe og den enkelte tilsette fungerer, samt korleis den enkelte tilsette kan vera med på å vidareutvikle skulen.	Rektor/inspektør
Mobbing og trakassering	Studentane skal med basis i teori og forskning få ferdigheitar som gjer at dei kan identifisera mobbing og trakassering samt drøfta måtar dette kan bli handtert på.	Du skal bli kjent med skulen sitt antimobbeprogram, Olweusprogrammet, aktivitetsplikt etter krav i Opplæringslova §9-a. Du skal bli kjent med korleis skulen arbeider med utvikling av sosial kompetanse på dei ulike trinna. Du skal bli kjent med planar for utvikling av sosial kompetanse.	Praksislærer Rektor/ass rektor Sosiallærer

<p>Studentane si eiga utvikling</p>	<p>Studentane skal få kompetanse som gjer at dei har kritisk distanse til eiga yrkesutøving. Studentane skal utvikla læraridentitet basert på profesjonelle og yrkesetiske prinsipp. Studentane skal utvikla kommunikasjons- og relasjonskompetanse.</p>	<p>Du skal få veileda og variert praksis. Du skal få høve til å reflektera saman over desse formuleringane i praksisgruppene saman med praksislærer og andre tilsette på skulen.</p>	<p>Praksislærer</p>
--	---	---	---------------------



Rammer:

- Dersom du vert sjuk, må du gje beskjed til skulen på telefon 51 77 64 00 eller direkte til praksislærer. Skulen/praksislærer må ha beskjed før kl. 7.30.
- **Arbeidstida di er mellom 08.00 og 16.00.** Du må ikkje leggja andre avtalar i denne perioden. Dersom du skal vera med på foreldremøte på kveldstid eventuelt etter kl. 16, kan du eventuelt avspasera dette etter avtale med praksislærer.
- «PU-tida» for pedagogane på skulen er tysdagar kl. 13.30-15.30. I denne tida har ein spesielt fokus på skuleutvikling. PU-tida startar som regel med informasjon frå rektor. Deretter arbeider kollegiet med ulike emne anten på trinn, i team eller på tvers av trinn og team. Det vert forventa at du tek del i denne fellestida på lik linje med dei andre pedagogane på skulen.
- Kvar trinn har fast trinntid kvar veke. I perioden du er på skulen, vil du vera del av det trinnet praksislæraren høyrer til. I trinntida planlegg ein undervisning, organiserer undervisning, diskuterer og reflekterer saman.
- Ein forventar at du er godt førebudd til undervisninga, og at du er på plass i klasserommet til avtalt tid.
- I arbeidstida går du ikkje ut av skulen sitt område utan å informera praksislærer om dette.
- Du må kle seg sømmeleg og unngå klede som har klare politiske eller symbolske meiningar. Det vert ikkje brukt caps og lue inne.
- Det er ikkje lov med brus eller tyggi saman med elevane.
- Det er forbod mot røyking og snusing både inne og ute på skulen.
- Skulen har nulltoleranse for banning.
- Når du har vore på pauserommet, arbeidsrommet, arbeidsplassen og i klasserommet, vert det forventa at du ryddar etter deg.
- Vakt i friminutta er ein del av skulekvardagen. Alle som går vakt, skal bruka refleksvestar. Ein skal gå vakt saman med praksislæraren sin.

I tillegg er det viktig at du tenker på korleis og kvar du snakkar om elevar, føresette, medarbeidarar og andre:

- Du har taushetsplikt
- Du har ansvar for å gjera Bryne skule til ein: «Trygg stad å vera, ein god stad å læra»

For å sikra at du som student blir tatt i mot på ein god måte, har vi utarbeidd ei sjekklister som ligg vedlagt denne praksisplanen.

Når nye studentar kjem til Bryne skule

Namn på student:



Sjekkliste	Ansvar	Dato
Omvising på skulen - alle bygga	Praksis- lærer	
Fortelja om organiseringa av skuledagen	Praksis- lærer	
Dela ut/visa kvar ein finn ulike planar	Praksis- lærer	
Gje tilgang til datasystemet	Dataansv/ praksisl.	
Fortelja om skulen sine inne og utereglar	Praksis- lærer	
Informasjon om kaffi/te- ordninga (5 kr pr kaffikopp)	Praksis- lærer	
Fortelja om vaktsystemet, dela ut "vaktvest"	Praksis- lærer	
Få opplæring i bruk av kopimaskin	Praksis- lærer	
Visa kvar ein finn fritt skulemateriell, spespedmateriell, konkretiseringsmateriell, filmar, suppleringsbøker.....	Praksis- lærer	
Dela ut nøkkel og nøkkelkort (ein pr. studentgruppe)	Praksisl/ saksbehandlar	
Seia litt om skulekulturen	Rektor	
Bli presentert i personalet	Praksis- lærer	
Dela ut utviklingsplan og informera om innhaldet	Praksis- lærer	
Snakka om skulen sin visjon: <i>"Me vil gje elevane lyst på livet og evne til å meistra det."</i>	Rektor	
Generell informasjon om fråvere, oppmøte, garderobe Få "namneskilt"	Praksis- lærer	
Utarbeida studentplanar	Praksisl.	

Notater: